


Då Emil sat fast i suppebollen

Den dagen hadde dei kjøttsuppe til middag i Katthult. Emil likte suppe. Han slurpa ho i seg.

Alle kunne ete så mykje dei orka, og så blei bollen tom. Det var berre ein liten slant igjen på botnen, og den ville Emil ha. Han stakk hovudet ned i suppebollen og slurpa han i seg. Men han sette fast hovudet i bollen! Bollen gjekk langt nedover augo og øyro hans. Ingen klarte å dra han av.

Mor til Emil ville slå bollen sund, men faren nekta. – Aldri i livet! Han har kosta fire kroner! sa han. – Vi dreg til dokteren, han skal berre ha tre kroner, så tener vi ei krone.

Det syntest Emils mamma var eit godt forslag. Det er ikkje kvar dag ein tener ei krone.



Oppgaver:

Sjå Elevbok 4A side 207.

Gjer oppgåvene 3, 4 og 5.

I oppgåve 5 kan det siste ordet, «peikefingeren», utelatast.